



SULA KOMMUNE
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Andreas Welle Rusten, 71 25 84 42

Sula - 58/1 - vedtak - Kongshaugstranda reinseanlegg

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal stadfestar Sula kommunes vedtak av reguleringsplan for Kongshaugstranda reinseanlegg med planID 2021002134 den 04.05.2023. Klagarane har ikkje fått medhald.

Saksgang

Vi viser til Sula kommune si oversending av klagesak 03.07.2023 og ettersending av dokument den 31.08.2023.

Asplan Viak har på oppdrag frå Sula kommune utarbeidd forslag til reguleringsplan for Kongshaugstranda reinseanlegg. Kommunestyret godkjende reguleringsplanen med plankart og tilhøyrande føresegner den 04.05.2023 i sak 021/23.

Det kom inn fem klager og éin merknad til vedtaket. Kommunen ved det faste utvalet for plansaker behandla klagesaka og heldt fast ved planvedtaket i møte 27.06.2023, sak 042/23. Dei sende deretter saka over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Saka gjeld

Kort om reguleringsplanen

Planen legg til rette for eit nytt og felles avlaupsreinseanlegg for Sula og Ålesund kommunar. Anlegget består av eit administrasjonsbygg og fjellhall for avløpsreinsing. Planen legg også til rette for vegutviding, fortau og parkeringsplassar. Det må sikrast plass for avløpsleidningar inn til reinseanlegget. Vegetasjon skal skjule reinseanlegget i landskapet.

Reinseanlegget skal erstatte eldre reinseanlegg i dei to kommunane, der fleire av dei ikkje oppfyller reinsekrava. Planarbeidet er iverksett som følgje av ei rekke politiske vedtak.



Plankartet på bakkenivå regulerer areal til veg, parkering og fortau, administrasjonsbygg (AV1), og luftepipe og luftinntak (AV2). Plankartet under bakkenivå viser føremåla AV3 og AV4 som skal nyttast til tilkomsttunnellar og fjellhall. Her skal tekniske anlegg og reinseanlegg plasserast.



Plankart på bakkenivå



Plankart under bakkenivå

Klagene



Kommunen har utarbeidd kartet til venstre som gir oversikt over kvar dei enkelte klagarane høyrer til.

Linja AS skriv den 06.06.2023 at dei har elektriske anlegg i området som det må takast omsyn til ved utbygginga. Dei viser også til at utbyggar må ta kontakt i god tid før byggestart for å planleggje straumforsyninga til reinseanlegget. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ser ikkje på skrivet frå Linja AS som ei klage på vedtaket.

Eva Kvasnes Drønnen og Ivar Østrem klagar den 06.06.2023 på vegner av *Arbeidsgruppe som har som formål å arbeide mot etablering av kloakkreanlegget Kongshaugstranda*. Dei meiner planen ikkje bør bli vedtatt verken før det er avklart om Sula og Ålesund kommunar vil realisere prosjektet, eller før det er avklart om det er økonomisk mogleg å gjennomføre planen. Dei viser også til at anlegget manglar forankring i overordna planar, samt til manglande

planprogram og utgreiing av konsekvensar knytt til anlegget.

Chatarina og Jonas Ekornåsvåg klagar den 04.06.2023. Dei hevdar at Veibustkrysset ikkje kan nyttast til massetransport utan at krysset vert utbetra. Vidare er dei usamde i vurderingane som er gjort om Kvasnesvegen. Både vegens utforming, trafikk og mjuke trafikantar gjer at dei meiner at Kvasnesvegen ikkje er eigna som verken avlastningsveg eller alternativ for gåande og syklende. Dei ber om at Kvasnesvegen vert utbetra for å ta i vare trafikktryggleiken i anleggsperioden.

Irene Schmidt Furuli klagar den 03.06.2023. Innhaldet i klaga er i hovudsak likelydande med klaga frå Ekornåsvåg.

Stein Kåre Alnes klagar 06.05.2023 på vegner av Kongshaugstranda naustlag. Dei meiner det må leggjast til rette for éin parkeringsplass per naust, altså 17 parkeringsplassar, samt HC-parkering ved naustområdet på Kongshaugstranda. Utviding av veggen og etablering av fortau vil føre til at parkering på nordsida av veggen truleg ikkje kan fortsette.

Ansvarleg advokat Øystein Remme klagar 12.06.2023 på vegner av grunneigarar på åtte eigedomar. Dette gjeld Bente Kvasnes og Elisabeth Kvasnes Molvær (gbnr. 57/1), Gunnar Odd Aakernes, Harald



Oddvin Aakernes og Sonja Herdis Røyseth (gbnr. 57/2), Jakob Harald Veibust (gbnr. 58/1 og 59/1), Turid Skarbø v/Dag-Johan Skarbø (gbnr. 58/2), Rose-Mari Dale Utheim v/Frode Utheim (gbnr. 58/6), Anders Veibust Blindheim og Laila Anita Blindheim (gbnr. 59/2), Frode Andre Tørle (gbnr. 59/12).

Grunneigarane ønskjer ikkje å avstå areal til prosjektet. Dei viser til at eigedomane vert reduserte i verdi, og at nausttomter der utlaupsleidingane skal gå ikkje kan nyttast. Dei fryktar lukt frå luftepipa, og meiner det ikkje er tilstrekkeleg presisert kva plassering pipa skal få. Dei viser til negative følgjer i form av lukt, støy, støv og stor trafikk. Plasseringa av anlegget er etter deira syn uheldig, og fører til mykje unødvendig transporter av vatn og masser. Dei meiner at fortau må komme langs heile strekninga, og gå på oppsida av vegen. Dei hevdar at mykje landbruksareal går tapt, og at planen er inngrep i deira rett til å utnytte eigen eigedom.

Når det gjeld sakshandsaminga, viser klagarane til at det manglar oversikt over kva areal planen beslaglegg for kvar enkelt grunneigar. Dei meiner at planomtalen ikkje viser ei tilstrekkeleg gagn/skadevurdering, og at det dermed er usikkert om vilkåra for oreigning er oppfylt.

Statsforvaltaren si rolle

Statsforvaltaren kan prøve alle sider av saka, sjå forvaltningslova § 34. Vi kan sjå nærmare på saksbehandlinga, bruk av rettsreglar, og om kommunen sitt skjønn i regulerings-saka er forsvarleg utøvd. Vi kan òg ta opp tilhøve som ikkje er nemnt i klagen dersom vi finn grunn til det. Resultatet av vår klagebehandling kan bli at vi stadfestar eller opphevar reguleringsplanvedtaket. Vi kan ikkje gjere endringar i reguleringsplanen utan å leggje saka fram for kommunen.

Klagene er sendt inn innan klagefristen, og vilkåra for at Statsforvaltaren kan behandle saka er oppfylte. Klagene inneheld fleire klagepunkt, der nokre er samanfallande i fleire klager. Vi har vurdert klagene samla, sortert etter klagepunkta.

Generelt om reguleringsplanar

Kommunestyret er øvste plan- og arealbruksmyndigheit i kommunen. Gjennom arealplanar og reguleringsplanar bestemmer kommunestyret kva ulike områder i kommunen skal nyttast til. Kommunestyret vedtar nye planar, eller gjer endringar i eksisterande planar. Dei rettslege rammene for kva som kan bestemast av arealbruk følgjer av pbl. §§ 12-5, 12-6 og 12-7.

Plan- og bygningslova gir saksbehandlingsreglar for korleis planprosessen skal gå føre seg. Areal- og reguleringsplanar blir til gjennom grundige planprosessar. Fagorgan og andre som har interesser i området skal involverast. Slik blir ulike interesser og omsyn som skal vere ein del av avgjerdsgrunnlaget, høyrte og vurdert når kommunestyret skal bestemme arealbruken for eit område.

Fleire interesser og omsyn kan gjere seg gjeldande ved same type arealbruk, og i nokre tilfelle kan dei vere motstridande. Det er opp til kommunestyret sitt frie skjøn å avgjere kva interesser og omsyn som skal vege tyngst, og kva som er den mest tenlege arealbruken for eit område. Arealbruksvurderinga må vere sakleg grunngjeven ut frå reguleringsmessige og alminnelege forvaltningsmessige krav.

Dette inneber at dei vurderingane som ligg til grunn for arealbruken, ikkje må vere mangelfulle eller vilkårlege, og heller ikkje motiverte av utanforliggende omsyn. Reguleringsvedtaket må ikkje stå fram som sterkt urimeleg eller uforholdsmessig ovanfor den enkelte grunneigar. Vedtaket må heller ikkje innebere at nokon av grunneigarane blir forskjellsbehandla utan at det er sakleg grunn for det.



Når det gjeld kommunestyrets skjønnsmessige vurdering av kva som er den mest tenlege arealbruken for eit område, skal Statsforvaltaren som klageinstans legge stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret, sjå fvl. § 34, 2. ledd.

Statsforvaltaren si vurdering

Generelt om saksopplysning

Statsforvaltaren ser at det er lagt til rette for medverknad i saka, gjennom at saka har vore på høyring i tråd med reglane i plan- og bygningslova. Merknadene er vurderte og kommenterte i samsvar med lova § 12-12. Sjå dokumentet *oppsummering av merknad etter offentlig ettersyn og høyring* av 28.03.2023.

For plansaker er utgreiingskrava konkretiserte i plan- og bygningslova kapittel 4. Krava til konsekvensutgreiing (KU) for detaljreguleringsplanar følgjer av plan- og bygningslova § 12-10, sjå også § 4-2 med tilhøyrande forskrift (KU-forskrifta).

Det står i plan- og bygningslova § 4-2 andre ledd at konsekvensutgreiing skal utarbeidast for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Ifølge KU-forskrifta § 8 skal ein reguleringsplan for tiltak i vedlegg II konsekvensutgreiast dersom han kan få vesentlege verknader. Kriteria for vurderinga av om ein plan eller tiltak kan få slike verknader er skildra i forskrifta § 10.

Det vart i saka konkludert med at planen skulle konsekvensutgreiast. Konsekvensutgreiinga vart utarbeidd 13.10.2021. Denne utgjer noko av grunnlaget for planomtalen, og for dei vala og avgjerdene som er tekne om innhaldet i planen.

Når det gjeld planprogram, viser vi til planomtalen punkt 3.. Vi står ved vurderinga som der er gjort om at det ikkje er krav om utarbeiding av planprogram. Det er elles utarbeidd ROS-analyse og gjort vurderingar av konsekvensar for fleire ulike forhold.

Til slutt vil vi knyte nokre kommentarar til forholdet mellom overordna kommuneplanar og detaljreguleringsplanen.

Plan- og bygningslova legg opp til eit system der kommuneplanens arealdel skal gje overordna føringar for korleis utviklinga i kommunen skal vere. I lovforarbeida står det at dette formålet berre blir oppnådd ved at etterfølgande vedtak av betydning for arealbruken respekterer arealdelen og bidrar til at denne blir gjennomført. For reguleringsplanar står det i § 12-3 at private planforslag må innhaldsmessig følgje opp hovudtrekk og rammer i arealdelen og eventuell områdereguleringsplan.

Samtidig er ikkje føresegna til hinder for at kommunen vedtar ein detaljreguleringsplan som bryt med dei overordna arealplanane, sjå Sivilombodets sak 2017/1921 av 22.02.2018. Konsekvensen ved detaljregulering til eit anna formål enn overordna arealplanar fastset, er at det kan bli stilt strengare krav til saksutgreiinga.

Vi har etter dette kome til at planforslaget generelt sett er tilstrekkeleg opplyst og utgreidd.

Alternative plasseringar

Det er i klagene uttrykt misnøye med at anlegget vert plassert på Kongshaugstranda.



Planomtalen kapittel 7 viser kva alternativ som er utgreidd og vurdert for plassering av reinseanlegget, luftepipe og utsleppspunkt. Dette viser at ein har vurdert ulike alternativ og grunngeve vala som er gjort. Vi kjem nærare inn på dette under avsnittet *arealbruksvurdering*.

Det kjem vidare fram at klagarane er uroa over at reinseanlegget kan føre med seg ytterlegare tiltak, som til dømes biogassanlegg. Kommunen viser til at det tidleg i prosessen vart gjort eit politisk val om at prosjektet ikkje skal omfatte eit biogassanlegg på same staden. Statsforvaltaren kan i alle høve berre vurdere planen som no er vedteken, og kan ikkje vektlegge tilhøve som ikkje er del av den.

Vidare gjeld eitt av klagepunkta det at planen ikkje bør vedtakast før det er avklart om det vert inngått avtale med Ålesund kommune. Vidare er det hevda at planen ikkje bør vedtakast dersom det ikkje er sikkert at planen vil bli gjennomført, eller det ikkje er økonomisk mogleg å gjennomføre den.

Plan- og bygningslova har ikkje særskilte føresegner som hindrar kommunen i å vedta ein plan på det grunnlaget klagarane løftar fram. Ein reguleringsplan fastset rettslege rammer for bruken av dei regulerte areala. Ved kommunestyrets vedtak av planen, fastset den ønska arealbruk. Den no vedtekte reguleringsplanen verkar å vere ei naturleg følgje etter den føregåande prosessen med dei politiske vedtak som er gjort i begge kommunane. Sjå til dømes planomtalen punkt 2.3 og 7.2 om dette.

I nokre tilfelle kan det også vere slik at vedtak av ein reguleringsplan kan vere ein føresetnad for at avtalar om gjennomføring av planen i det heile kan realiserast. Det er uansett slik at kommunestyret kan endre eller oppheve ein reguleringsplan dersom arealbruken planen legg til rette for ikkje lenger er ønskjeleg frå kommunen si side.

Arealoversikt – behov for grunnerverv

Grunneigarane har klaga på at det ikkje er laga noko oversikt over kor mykje areal kvar enkelt grunneigar må avstå.

Dette er i ettertid svart ut i dokument *Arealbeslag per gårds- og bruksnummer – Kongshaugstranda reanseanlegg* av 19.06.2023. Det er vidare laga eit dokument *Omdisponering av dyrka mark og innmarksbeite – Kongshaugstranda reanseanlegg*, også dette datert 19.06.2023. I tillegg til plankartet, gjev dette eit samla grunnlag for partane til å vurdere konsekvensane av planen.

Vi legg til at plankartet er rettsleg bindande, og er i seg sjølv normalt ei tilstrekkeleg kartfesting av planen, jf. kart- og planforskrifta. Det at oversiktene ikkje var utarbeidde før planen var vedteken, medfører ikkje nokon sakshandsamingsfeil som fører til at planen var ugyldig.

Arealbruksvurdering

Vi vil først gjenta at det er kommunestyret som er ansvarleg for å avgjere kva areal som skal inngå i planen, og kva desse areala skal nyttast til. Sjå plan- og bygningslova § 12-12. Kommunen har stor fridom til å vurdere arealbruken, og det skal svært mykje til for at kommunen sine konkrete vurderingar vert overprøvde ved klage på vedtekte reguleringsplanar.

Plassering av reinseanlegget på Kongshaugstranda har bakgrunn i ei lang rekke politiske vedtak i både Sula og Ålesund kommunar. Historikken er gjort greie for i planomtalen punkt 2.3 og 7.




Under punkt 7.1 står grunngevinga for val av Storfjorden som resipient. Under punkt 7.2 er det skildra at Sula kommune har vurdert nytt reinseanlegg både på Sunde og Eikrem, før eit fellesanlegg med Ålesund kom på bana. Dei to kommunane fekk utgreidd eit alternativ på Solavågen (Sunde), før dei vedtok å gå vidare med Kvasnes som alternativ. Kommunen har avvist eit innbyggjarinitiativ om å etablere reinseanlegg på ytre del av Sula, vekk frå busetnad. Ei oppsummering av grunngevinga for å plassere anlegget på Kongshaugstranda (Kvasnes) kjem fram i punkt 7.2.3.

I konsekvensutgreiinga for reguleringsplanen blei to alternativ innanfor planområdet utgreidd. Sjå nummer 2 og 3 på biletet til høgre. Alternativ 1 blei ikkje vidareført i planprosessen, men var del av *Forprosjektrapport Kvasnes RA* (versjon 02: 19.05.2021). I konsekvensutgreiinga under oppsummeringa i punkt 4.2 står det at det er liten forskjell mellom alternativ 2 og 3, men at alternativ 2 utgjer eit rimelegare alternativ. Dette blir også anbefalt ut frå teknisk gjennomføring.

Eitt av klagepunkta gjeld det at tre regulerte nausttomter ikkje kan nyttast til formålet. I planomtalen punkt 6.6 står det at:

«Avløpsleidingane inn til reinseanlegget går over eigedommen gnr/bnr 58/6 der det er planlagt tre nye naust [...]. To av desse nausttomtene vil bli sletta som konsekvens av at plassen trengs til avløpsleidingar. Det tredje naustet vil kunne byggast som planlagt».



I merknadsbehandlinga står følgjande under punkt 2.13:

«Det er ikkje plass nok mellom nausta lenger nord. Alternativet er da å slette to av de fire planlagte nausta. Familien Utheim eier tre av nausttomtene. Det er valt å la dei to attverande nausttomtene ligge slik at dei to grunneigarane fekk kvar sitt naust igjen».


Under si førebuaende klagebehandling har kommunen kommentert ytterlegare at det er ønskeleg at leidningane kjem inn og ut så nær reinseanlegget som mogleg. Lenger sør er det dessutan vernesone rundt ei gravrøys.

Statsforvaltaren har ikkje merknadar til dette.

Ein anna konsekvens av reguleringsplanen er tap av landbruksareal.

I planomtalen punkt 5.2 er landbruksområda som strekk seg frå Veibust til Kvasnes skildra. I punkt 5.7 står det at rundt planområdet er det store teigar med lettbrukt fulldyrka jord. I regional kontekst er teigane rekna som store, og er del av eit samanhengande jordbruksområde.

Planforslaget ligg i ytterkant av ein jordbruksteig som har stor verdi. Totalt vil om lag 3400 m² fulldyrka jord bli permanent omdisponert, medan rigg- og anleggsområde vil omdisponere 456 m² mellombels. Sjå planomtalen punkt 6.8 og karta til høgre. Landbruksomsyna er også omtalt i konsekvensutgreiinga.





Nordre Sunnmøre landbrukskontor uttalte seg til planforslaget og meinte at landbruksinteressene burde vike for reinseanlegget. Vi kan ikkje sjå at andre høyringsinstansar har hatt særskilte merknadar om landbruket. Vi legg til at det i planføresegnene punkt 6.1.3 c) står at matjorda skal brukast opp at, og at det skal ligge før ein matjordsplan før igangsetjingsløyve kan bli gitt.

Med dette som bakgrunn vedtok kommunestyret reguleringsplanen. Statsforvaltaren har ikkje merknadar mot at kommunestyret gjorde eit opplyst val om kva konsekvensar planen har for landbruksinteressene då dei gjorde planvedtaket. Vi legg til at kommunen under si førebuaende klagebehandling skildrar kva landbruksareal eigedomane 58/1 og 58/2 mister. Den detaljerte oversikten over omdisponering av landbruksareal viser at planen totalt beslaglegg 3516,4 m² fulldyrka jord og 446,7m² innmarksbeite. Kommunen viser også til at andre plasseringar av reinseanlegget ville hatt større innverknad på landbruksinteressene.

Eit anna klagepunkt gjeld det at den endelege plasseringa av fjellhallen ikkje er endeleg bestemt i reguleringsplanen.

Som det står i konsekvensutgreiinga punkt 1.4, blir det etablert eit område med påhogg til tunnelar for tilkomst til fjellanlegget i område AV1 ved administrasjonsbygget. Tunnelane blir liggande under bakken i område AV3, medan sjølve reinseanlegget skal ligge i fjellhall under område AV4.

Område AV4 er eit nokså stort område på 85,4 daa. Bruken av området har få rettslege rammer. Området skal brukast til reinseanlegg med funksjonar som høyrer til anlegget, og desse skal plasserast i ein fjellhall. Utbygd areal skal vere maksimalt 13 000 m² BYA. Det er ikkje tvilsamt at ein detaljreguleringsplan er eigna til å fastsetje meir presist kvar og korleis anlegget skal utformast, til dømes på kva kotehøgder anlegget skal ligge.

Samtidig er det kommunen som er nærast til å vurdere kva føresegner det er nødvendig at planen inneheld. Statsforvaltaren har ikkje særskilte merknader mot at plasseringa av fjellhallen ikkje nærare fastsett innanfor AV4. Den endelege plasseringa av anlegget er til dømes avhengig av grundige grunnundersøkingar, og må detaljplanleggast nøye.

Anlegget er no lokalisert etter ei rekke politiske vedtak og utgreiingar, forprosjektrapport Kvasnes RA, konsekvensutgreiing og detaljreguleringsplan. I forprosjektrapporten står det mellom anna under punkt 6.1 at det er gjort ingeniørgeologisk vurdering der bergoverdekket må vere minimum 25 meter. Det er gjort ytterlegare grunnundersøkingar seinare. Kommunen skriv i si førebuaende klagebehandling at taket på hallen er planlagt på kote +28. Utforminga av fjellhallen er elles skildra nærare i fleira av saksdokumenta.

Vi har heller ikkje særskilte merknadar mot at eigedomstilhøva under bakkenivå ikkje har vore ein større del av kommunens sakshandsaming. Som kommunen skriv er områda over fjellhallen avsett til LNF-formål, til trass for at grunneigarane tidlegare skal ha kome med innspel til anna arealbruk.

Ei anna bekymring er om luftepipa vil medføre store ulemper i form av lukt. Plasseringa av luftepipa går fram av det rettsleg bindande plankartet, som område AV2. I planføresegna 3.1.3 står det at pipa for avtrekksluft skal vere minst 20 meter høg, og at avtrekket skal ha reisning slik at lukt reduserast.

I planomtalen punkt 7.4 er plassering av pipa skildra. Her står det:

«Prosjektet har som mål at 95 % av lukta skal reinsast før lufta går ut av pipa. Statsforvaltaren stiller krav til at lukta ikkje stiger over 2 ouE/m³. [...] I prosjektet er det er mål om å ikkje overstige halvparten av kravet [...].I



konsekvensutgreiinga blei to alternativ vurdert med ei 20 m høg pipe plassert på toppen av åsryggane aust og vest for Breidalen. Seinare er også plassering ved administrasjonsbygget og nede i Breidalen vurdert.»

Under punkt 7.4.3 er konklusjonen at luftepipa bør ligge i Breidalen, slik plankartet no er regulert:



Skisse som viser pipa, 25 m høg, plassert i Breidalen. Plasseringa i Breidalen er valt bl.a. fordi det gir minst fare for lukt der for bur.

«Ei plassering i Breidalen gir ei pipe som frå mange stader er skjult av åsryggane. Den er mindre synleg frå Kvasnes og Vegsundstranda enn andre alternativ.

Luktspreiingsanalysar for Breidalen utført i november 2022 viser at staden er den mest gunstige for å unngå fare for lukt ved bustader i Kvasnesvegen.

Nøyaktig høgde og plassering av luftepipa må vurderast i høve til synlegheit og luktspreiing som ein del av søknad om byggeløyve. [...]

Konklusjonen er at plassering i Breidalen er å føretrekkje fordi den gir minst fare for at lukt kan fornemast. Det er også en gunstig plassering av fjellhallen i et område med gode geotekniske forhold.»

I tillegg er det i rekkjefølgjeføresegn 6.1.1 fastsett at det skal utarbeidast ny luktspreiingsanalyse for å få betre grunnlag for nøyaktig plassering og høgde på luftepipa i område AV2.

Slik vil ein få til ei plassering med minst mogleg ulempe i form av lukt. Spreiingsutrekningane som er gjort, viser at ingen bustader vil oppleve lukt over grenseverdien. Under punkt 8.2 (Konsekvensutgreiing – forureining av luft – luftproblematikk) står det mellom anna at nedslagsfeltet for lukt primært vil ligge utanfor busetnad, og til og med ureina vil bidraget ligge under kravet på maksimum 2 ouE/m³.

Statsforvaltaren har ingen avgjerande merknader mot vurderinga som er gjort.

Når det gjeld støy, går det fram av konsekvensutgreiinga at den primære støykjelda i området er eksisterande E39. I samband med drifta av anlegget vert det ikkje forventa annan støy utover passerande tungtransport og personbilar. Utrekningar viser at ingen av alternativa vil medføre ein merkbar auke av støynivået for eksisterande støyfølsame bygningar. Dette skuldast at trafikkauken som følge av drifta er liten og at ingen bustader eller annan støyfølsame bygningar ligg langs vegstrekninga mellom E39 og anlegget.

Under konsekvensutgreiinga punkt 3.4 står det vidare at:

«I denne fasen av prosjektet er informasjon om anleggsgjennomføringa på eit overordna nivå. Detaljerte støyberekningar av anleggsarbeida gjerast normalt når planane for anleggsgjennomføringa blir meir avklart. Det er derfor ikkje utført detaljerte støyberekningar for anleggsperioden ettersom det på noverande tidspunkt ikkje føreligg tilstrekkeleg detaljerte framdriftsplanar / faseplanar. Det vert stilt krav i reguleringsføresegna om at støynivå skal tilfredsstillende krava i T-1442-2021.»

Slik føresegn er vedtatt i reguleringsplanen punkt 2.1.

For anleggsfasen står det i konsekvensutgreiinga punkt 4.2 at det må gjerast tiltak for å skjerme bebruarane i området frå støy- og støvforureining. Under punkt 3.8.2 står det at det skal utførast prognoser for forventa støy til naboar i bygge- og anleggsfasen i tråd med kapittel 4 i rettleiaren T-



1442/2021. Dersom det viser seg at det blir for mykje støy over lang tid, skal støyreducerande tiltak gjennomførast. Det er også fastsett følgjande i rekkjefølgjeføresegn 6.1.4:

«Nødvendige tiltak for vern av omgjevnadene mot støy og andre ulemper i bygge- og anleggsfasen skal vere etablert før igangsetjing. For å oppnå tilfredsstillande miljøhøve i anleggsfasen skal luftkvalitets- og støygrenser i Klima- og Miljødepartementets rettleiar for behandling av luftkvalitet T-1520 og rettleiar for støy i arealplanlegginga T-1442 vere førande.»

Sjå også rekkefølgjekravet i punkt 6.1.3 om utarbeiding av miljøoppfølgingsplan før igangsetjingsløyve blir gitt.

Statsforvaltaren konkluderer etter dette med at støy er tilstrekkeleg ivareteke i reguleringsplanen.

Etter vår vurdering har kommunen vore kjent med dei ulike interessene som gjer seg gjeldande i og ved planområdet, og kartlagt konsekvensane reguleringsplanen kan gje. Kommunen har vurdert ulempene opp mot den store samfunnsmessige interessa det er å leggje til rette for eit reinseanlegg. Statsforvaltaren har ikkje innvendingar mot kommunens vurderingar.

Om forholdet til oreigningslova

Klagarane gjer gjeldande at kommunen ikkje har gjort noko gagn/skade-vurdering etter vilkåra i oreigningslova § 2. Dei meiner interessene som gjer seg gjeldande i saka ikkje er vegd tilstrekkeleg opp mot kvarandre., og stiller òg spørsmål ved om krava til oreigning vil vere oppfylt i saka.

Vi vil først presentere dei rettslege konsekvensane ein reguleringsplanen gir, og forholdet mellom reguleringsplanen og oreigning.

Ein reguleringsplan fastset dei rettslege rammene for korleis planområdet kan utviklast. Grunneigarar og andre med rettigheter i planområdet må godta at kommunen styrer arealbruken gjennom ein lovleg vedteken reguleringsplan.

Planvedtaket i seg sjølv inneber ikkje noko endring i private rettsforhold. Det er grunneigarar eller andre med nødvendige rettigheter som kan stå for gjennomføringa av planen. Planen gir altså ikkje forslagsstillaren eller tiltakshavaren privatrettsleg rett til å ta i bruk andre sin eigedom. Ein reguleringsplan er såleis ikkje tilstrekkeleg for at planen kan gjennomførast. Det kan i tillegg vere nødvendig med avtalar, konsesjonar, byggjeløyve og avklaring av private rettsforhold.

Dersom planen føreset inngrep i private rettar, gjev ein vedteken reguleringsplan oreigningsheimel. Dette følgjer av plan- og bygningslova § 12-4 fjerde ledd og § 16-2 første ledd. Ved oreigning er det eit vilkår at oreigninga tvillaust er til meir gagn enn skade.

Dersom det under planprosessen kjem fram at planen truleg ikkje kan gjennomførast utan oreigning, er spørsmålet om interesseavveginga i oreigningslova § 2 skal gjerast allereie i samband med vedtakinga av planen.

Vi stiller oss ved den regelforståinga som Lovavdelinga gir uttrykk for i si fråsegn av 10.12.2007 i sak 2007/04519. Her står det at vedtak om reguleringsplan og oreigning er to åtskilte spørsmål. Det som er fastsett i reguleringsplanen kan gje utgangspunkt for vurderinga etter oreigningslova, *under føresetnad* av at slike vurderingar faktisk er gjort.



Det sentrale spørsmålet for kommunestyret gjennom planprosessen er kva som er hensiktsmessig og ønska arealbruk, samt korleis planen skal gjennomførast. I planprosessen og i planvedtaket er det tilstrekkeleg at saksutgreiinga gjer greie for arealbruken planen legg opp til. Dette inkluderer kva konsekvensar planen kan gje og kva som utgjer fordelane og ulempene med arealbruken. Der det ligg føre interessekonflikt med omsyn til arealbruken, er det særleg viktig at saksutgreiinga synleggjer dei ulike interessene og grunngr vala som blir tatt.

Det er ikkje lovfesta i plan- og bygningslova at kommunen pliktar å medverke til gjennomføring av reguleringsplanen. Samtidig bygger vedtak av reguleringsplanar på ein føresetnad om at planen lar seg gjennomføre. Når gjennomføringa av planen ikkje lar seg gjere utan oreigning, kan det stille strengare krav til grunngevinga av kvifor reguleringsplanen fastset ønska utvikling og arealbruk.

I denne saka er interessemotsetnadene omtalt i planomtalen punkt 9.16. På den eine sida ligg det føre nasjonale krav om betre avlaupsreinsing, og at manglande utbetring av dagens tilhøve kan føre til byggestopp og bøter for kommunen. Også næringslivet fryktar byggestopp. På den andre sida ønskjer ikkje busette på Kvasnes og Vegsundet reinseanlegget på Kongshaugen. Dei er bekymra for forureining i nabolaget, høgare VA-avgifter, grunnavståing og tiltakets innverknad på naturen og Storfjorden.

Avveginga av dei ulike interessene er gjort i planomtalen punkt 9.17 og 9.18, og vi viser til vurderingane som er gjort der. Konklusjonen er at planen vil vere meir til gagn enn til skade. Kommunen har i tillegg gjort ei ytterlegare vurdering i den førebuande klagebehandlinga.

Statsforvaltaren er samd med kommunen i at samfunnsinteressene for kommunane Ålesund og Sula er betydeleg, og må vege tyngre enn ulempene som råkar lokalt. Det veg tungt at anlegget mellom anna medfører at ein kan legge ned fleire andre reinseanlegg som ikkje fungerer etter krava til reinsing, og at utslipp til den meir sårbare Borgundfjorden dermed vert redusert. Reinseanlegget vil bidra til framtidretta utvikling i kommunen og opnar opp for bygging i tråd med kommunens ønskje. Vi viser også til sakshistorikken med ei rekke politiske vedtak og utgreiingar som har ført fram til reguleringsplanen som no er vedteken.

Statsforvaltaren ser reguleringa som oppfyljing av eit særers samfunnsnyttig behov, og kan ikkje ut frå saksopplysningane sjå haldepunkt for at planen ikkje skulle kunne gje heimel for oreigning.

Trafikkforhold

I planomtalen punkt 9.6.1 er det gjort greie for trafikksituasjonen i driftsfasen av reinseanlegget. Det vil vere behov for å køyre 1-2 lastebilar per dag med slam, og 3-4 turar med arbeidsrelatert trafikk. Dette medfører ei avgrensa trafikkauke.

Anleggsfasen vil derimot bli vesentleg meir omfattande. I planføresegnene punkt 6.1.2 er det difor sett inn rekkefølgekrav om at før igangsetjingsløyve for fjellhall blir gjeve, skal både offentleg veg, fortau fram til stikkveg KV2 og parkeringsplassar for naust som blir endra, vere opparbeidd.

Når det gjeld Veibustkrysset, så har kommunen hatt tett dialog med Vegvesenet om dette. I planføresegnene står det i rekkjefølgekrav punkt 6.1.4 at Veibustkrysset skal vere utbetra før utsprengte fjellmassar kan transporterast nordover på E39. Vi viser til skildringa i planomtalen punkt 7.6 om dei ulike alternativa som er utgreidd, der også transport sørover og transport med lekter kan vere aktuelt. Kommunen viser elles til at det så langt det er mogleg ikkje vil leggast opp til



massetransport av sprengingsmassar gjennom krysset. Dette vil dei også stille krav om til utførande entreprenør i konkurransegrunnlaget for gjennomføringsfasen.

Det er hevda at også Kvasnesvegen bør utbetrast, både for arbeidet i anleggsperioden og for gjennomføringa av planen. I klaga er det løfta fram at trafikkgrunnlaget for planen er feil og at Kvasnesvegen ikkje er eigna verken som avlastningsveg eller for mjuke trafikantar.

Det følgjer av saka at det er gjort ei ny trafikkmåling i mars 2023 som ligg til grunn for vurderingane. Kommunen viser elles til at Kongshaugstranda berre vil bli stengt i ein kortare periode. Det mest sannsynlege er at mange vil velje Kongshaugstranda framfor Kvasnesvegen også i byggeperioden.

Når det gjeld parkering for naustområdet, så går det fram av saka at det er sett av like mange parkeringsplassar for nausta som tidlegare regulering la opp til. For å sikre at parkeringsplassane vert brukt til parkering, er det i føresegnene punkt 3.2.3 teke inn et forbod mot lagring og anna bruk enn parkering. Kommunen viser til at ønskje om opning i fortau for avlasting kan vurderast.

Val av fortau på nedsida av vegen er gjort for å sikre ei trygg passering forbi reinseanlegget Fortau og parkeringsplassar er sikra i rekkefølgekrev, som er teke inn i føresegnene punkt 6.

Veglys er ikkje teke stilling til i reguleringsplanen. Det er heller ikkje noko krav om at dette må vedtakast i reguleringsplan.

Det er ønskt meir bruk av støttemurar mot veg, for å redusere areal som må avståast til veg. Det er sagt i merknadshandsaminga at det er lite sannsynleg at støttemur vil bli brukt der det ikkje er strengt naudsynt, sidan det er ei dyrare løysing. Det vert i framleggsstillaren sine kommentarar vist til at områda med anna veggrunn er vist som maksimalt område for skjering/fylling. Det vil seie at det kan bli mindre råka enn plankartet tilseier, men at arealet kan nyttast til fylling eller skjering.

Statsforvaltaren har ikkje merknader til kommunens vurderingar av trafikkforholda. Vurderingane er gjort på sakleg og planfagleg relevant grunnlag.

Oppsummering

Statsforvaltaren har vurdert klagen og klagepunkta. Ut frå det som er nemnt over, vurderer vi det slik at planen har vore gjenstand for ein demokratisk prosess, der sektorstyresmakter og råka partar har fått høve til å medverke. Vi kan ikkje sjå at kommunen har brote sakshandsamingsreglane eller andre reglar i plan- og bygningslova. Kommunen si arealbruksvurdering er sakleg grunngjeven ut ifrå regulerings- og forvaltningsmessige omsyn. Klagen har ikkje ført fram, og vedtaket frå kommunen skal difor stadfestast.

Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren stadfestar Sula kommune sitt vedtak av 04.05.2023, sak 021/23, om å godkjenne reguleringsplan for Kongshaugstranda reinseanlegg.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, sjå forvaltningslova § 28.

Partane har fått kopi av dette brevet, og er dermed orienterte om vedtaket.



Med helsing

Tone Monsen Aarø (e.f.)
direktør

Andreas Welle Rusten
fagleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ADVOKATFIRMAET ØVERBØ GJØRTZ AS
Eva Anne Kvasnes Drønnen
Ivar Torleif Østrem
Chatarina L Ekornåsvåg
Jonas Ekornåsvåg
Irene Schmidt Furuli
Stein Kåre Alnes

Julsundvegen 4	6412	MOLDE
Myrlandsvegen 29 A	6020	Ålesund
Tudalsvegen 25 A	6013	Ålesund
Kvasnesvegen 115	6037	Eidsnes
Kvasnesvegen 115	6037	Eidsnes
Kvasnesvegen 178	6037	Eidsnes
Bjørkavollen 35	6012	Ålesund